



Pressemelding

02.03.2018

Ein halv million kroner til næringsutvikling i Nordhordland

– Vi vil ruste arbeidslivet i Nordhordland til å møte framtidige kompetansebehov, seier fylkesordfører Anne Gine Hestetun etter at Hordaland fylkeskommune gjev ein halv million kroner til næringsutvikling i regionen.

Bakgrunnen er eit samarbeidsprosjekt mellom dei to vidaregåande skulane og næringslivet i Nordhordland. Målet er å få fram behovet for fagtilbod og behovet for kompetanse og arbeidskraft fram mot år 2030.

– Vi legg opp til at vi skal få god samhandling mellom Hordaland fylkeskommune, Knarvik og Austrheim vidaregåande skular, regionråd, kommunar, næringsliv og Nordhordland Næringslag. Målet er å få fram nye behov og korleis regionen skal utvikle seg framover. Alle partar skal bli høyrde. Vi vil gje eit løft til regionen, seier fylkesordfører Anne Gine Hestetun.

Fylkestinget har godkjent samarbeidsprosjektet mellom dei to skulane og næringslivet i regionen. Nordhordland Næringslag søkte på bakgrunn i dette om midlar til å lage ein rapport som skal få fram behovet regionen og næringslivet har for framtidige fagtilbod og kompetanse.

Det skal lagast ein rapport om prosjektet. Data blir henta inn hos dei to vidaregåande skulane, ni kommunale tenester, 50-70 industribedrifter, 50 aktørar innan handel og privat tenesteyting og fem-ti offentlege verksemder.

Rapporten blir utarbeidd av Institutt for geografi ved Universitetet i Bergen gjennom dialog med seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse i Hordaland fylkeskommune. Rapporten skal vere ferdig i februar neste år. Pengane er løyvt frå handlingsprogrammet for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNN).

Kontaktperson:

Fylkesordfører Anne Gine Hestetun – mobiltf. 995 64 643